



Skigruppa førebur seg til ny sesong og hadde nyleg samling på Voss.

Søndag 27.november kl. 18 er det klart for premieutdeling for skikarusellen 2016. Det føregår i Skarveland skule på Sandvoll, og IL Ternen er arrangør. Til saman er det 52 langrennsløparar som deltok i minst 3 av karusellrenna, og dermed gjorde seg fortent til premie. 18 av desse er frå Uskedal idrettslag.

Idrettslaget Ternen fyller 40 år dette året, og på programmet søndag har ein kavalkade over lagets historie ein naturleg plass. Elles vert det både quiz og andre aktivitetar for deltakarane. I tillegg til premieutdelinga vert det også salg av kaffimat, saft, kaffi og diverse.

Dei 18 frå Uskedal idrettslag som har delteke i minst 3 karusellrenn og såleis får premie er:

- Linnea M. Ripel
- Amund Hella Berge-Soldal
- Karoline E. Myklebust
- Ellen Marie Vigrestad
- Tobias Hella Berge-Soldal
- Olve Simonnes Tveit
- Pål Ingmar Haugland
- Emma Myklebust Ripel
- Torbjørn Haugland
- Silje Soldal
- Saima Kristine Lomheim Døssland
- Brynjar Vigrestad
- Hanna Tvilde
- Camilla M. Ripel
- Thea Soltveit Taranger
- Viljar S. Tveit
- Veslemøy Haugland
- Solveig Haugland.

I tillegg var det 11 deltakrar frå UIL som deltok i mindre enn 3 karusellrenn. Yngste deltakarane i skikarusellen går i klasse 8 år, medan eldste deltakar frå Uskedal idrettslag var 70 år unge Pål Haugland som deltok i 2 karusellrenn.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Knut Johannes Ripel